


Vaksine mot koronavirus

Koronaviruset gjev sjukdom i luftvegane. Mange får ingen eller milde symptom, men nokon blir alvorleg sjuke. Koronavaksine førebyggjer alvorleg sjukdom og død.



Koronavaksine blir tilrådd dersom du

- er 75 år eller eldre
- bur på sjukeheim
- er mellom 18-74 år og tilhøyrer ei risikogruppe
- er barn med alvorleg sjukdom

Friske personar i alderen 65-74 år kan også få koronavaksine til redusert pris, dersom dei ønskjer det.

Med risikogruppe meiner ein personar som har enkelte sjukdomar eller tilstandar som gjev auka risiko for å bli alvorleg sjuk av korona. Er du usikker på om du eller barnet ditt er i ei risikogruppe, kan du lese meir



Les meir på
fhi.no/voksenvaksinasjon

på fhi.no eller spørje legen din. Vernet du har oppnådd etter tidlegare vaksinedosar eller etter gjennomgått sjukdom, vil bli svakare over tid. FHI rår difor til at dei som er mest utsette for alvorleg covid-19 tar ein ny dose før vintersesongen.

Kan ein gje vaksinen samstundes med andre vaksinar?

Ja, ein kan gje koronavaksinen samstundes med vanleg influensavaksine.

Kor godt verkar vaksinen?

Vaksinen gjev godt vern mot alvorleg covid-19, men gjev berre kortvarig vern mot å bli smitta eller smitte vidare.

Har vaksinen biverknader?

Alle legemiddel og vaksinar kan gje biverknader, men det er ikkje alle som får det. Dei fleste biverknadene oppstår dei første

dagane etter vaksinasjon og er oftast milde til moderate og går over etter nokre dagar. Nokon kan få kraftigare symptom. Dei mest vanlege biverknadene er smerte og heving på stikkstaden, trøytteleik, hovudverk, diaré, muskelsmerter, frysingar, utmatting, leddsmerter og feber. Alvorlege biverknader er sjeldne. Helsestyresmaktene har kontinuerleg overvaking av moglege biverknader for alle vaksinar.

Kvar kan eg få vaksine?

Sjå informasjon på nettsida til kommunen din om korleis og kva tid vaksininga blir gjennomført.

Vil du vite meir?

Spør legen din, eller anna helsepersonell.